

## Merete Husabø Nornes

---

**Emne:** VS: Vedlegg til sak8/2016 Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2016/17  
**Vedlegg:** Firda 29.03 2016docx.docx

---

**Fra:** Elin Botnen Viken [<mailto:Elin.viken@online.no>]  
**Sendt:** 29. mars 2016 20:40  
**Til:** Postmottak Sentraladm; Karianne Alette Torvanger  
**Kopi:** Jarle Øen; Anne Grete Strømsli Gjertsen  
**Emne:** Vedlegg til sak8/2016 Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2016/17

Til leiar i Hovudutvalet for opplæring,

Ber om at denne eposten vert distribuert til deltakarane i utvalet

Viser til møte i hovudutval for opplæring 30.03.16 og ynskjer at artikkel med våre synspunkt skal gjerast til kjenne ved vurdering av opplæringstilbudet gjeldande skuleåret 2016/17.

Vi vil oppmode utvalet om å følge fylkesrådmannen si innstilling om auke i antal elevklassar i Førde gjeldande vg1. Vi ber vidare om at det vert auke med ein klasse ved Hafstad vgs vg2 for å hindre ufrivillig flytting av elevar.

Med helsing

Jarle Øen  
Leiar FAU Førde Ungdomskule/styremedlem Førde KFU

Anne Grete Strømsli Gjertsen  
Leiar FAU Halbrend Ungdomskule/styremedlem Førde KFU

Elin Botnen Viken  
(leiar Førde KFU)



**VIL VERNE:** Jarle Øen (KFU), Elin Botnen Viken (KFU) og Anne Grete Strømsli Gjertsen (FAU Halbrend skule) **FOTO: SKJERDAL**

## - La skuleplassen vere der elevane er

**FØRDE:** Nedgang i elevtala gjer at skulestrukturen i fylket må justerast. Foreldreutval vil no verne om elevplassane i Førde.

MALENE INDREBØ-LANGLO  
redaksjon@firda.no  
902 69 069

- For oss er det viktig å snakke om tilbodet til ungane våre. Nedgangen i elevtalet er stor i heile fylket, men her i Førde er den låg. Det bør vektleggast tungt når fylkesrådmannen ser på justeringar i skulestrukturen.

Det seier Elin Botnen Viken, leiar i Førde Kommunalt Foreldreutval (KFU), Anne Grete Strømsli Gjertsen, FAU-leiar Halbrend skule og Jarle Øen, FAU-leiar Førde ungdomsskule, om fylkeskommunen sitt forslag til endring i skulestrukturen.

10. mars vedtok fagopplæringsnemnda uttale om å justere opplæringstilbodet for kommande skuleår. Nemnda påpeiker at behovet til næringslivet må vektleggast, og at elevar som skal ut i lære må ha mobilitet og vere villige å flytte på seg for å få læreplass.

### Reduserer tilbodet

- Det totale tilbodet på elevplassar i Førde bør minimum motsvare elevtalet i skulane sitt nedslagsfelt, seier Viken, som understrekar at saka ikkje er tatt opp i Førde KFU, og at ho derfor ikkje kan uttale seg på vegner av heile KFU.

Viken syns det er gledeleg at

fylkesrådmannen sitt framlegg til justering av opplæringstilbodet har teke søknadstala til vg1 på Førde-skulane på alvor, og at det blir oppretta tilbod deretter.

- Samstundes registrerer vi at tilbodet ved vg2 blir føreslått redusert, noko vi synest er veldig uheldig.

- Det er viktig med eit stabilt og føreseieleg skuletilbod for ungdommane som skal velje utdanning. Stadige endringar, der skuletilboda blir flytta frå skule til skule, kan skape uvisse og gjere vegval vanskelegare, seier Viken, Strømsli Gjertsen og Øen.

Dei peikar også på at det er kjedeleg at elevar kan bli ufri-villig råka og må flytte på hybel.

- Talet på elevplassar må samsvare med tal elevar i skulen sitt nedslagsfelt. Det er både god samfunnsøkonomi og eit gode for elevane.

### Opp og ned for store fag

I utsegna frå fagopplæringsnemnda kjem det tydeleg fram at elektrofag er eit av faga som ikkje kjem til å få fleire klassar. Derimot er det sterke signal om at bygg- og anleggsteknikk er ei gruppe som kan satsast meir på.

Innan helse- og oppvekstfag er det mange søkarar, men opplæringskontora har utfordringar med å finne nok læreplassar på dei plassane elevane ønsker seg.

Saka om justering av opplæringstilbodet skal handsamast i hovudutval for opplæring

30. mars.